

Prosjektet Vikebygd i bilde!



Vikebygd Grendeutval (VGU) har heile tida fokus på aktivitetar som kan bidra til å auke tilflytting til Vikebygd. Her er det mange element som har innverknad på den kontinuerlege prosessen for å gjere bygda betre kjent i regionen på ein positiv måte og med håp om auka innbyggjartal.

VGU starta difor med å invitara alle til å sende inn bilde til bruk i ein framtidig reklame-film for Vikebygd. Nokre bidrag har kome inn, men me ynskjer alltid fleire motiv frå hyggelege aktivitetar som skjer i bygda. Dette kan vere alt frå 17. mai feiring med tog og leker på Bygdahuset, sommar- og badeaktivitetar, motiv frå den flotte naturen me omgir oss med eller bilde frå fisketuren med den største fisken.

Nyoppretta «Film-gruppe»

For kort tid tilbake blei VGU kontakta av Laila Øvstedal Espeland m/fleire som hadde ynskje om å danna ei gruppe som kunne jobbe vidare med film-prosjektet. Dette satt VGU stor pris på. Film-gruppa skal være pådrivar og sikre at film-prosjektet vart gjennomført innanfor dei forutsetningar og rammer som vart gitt.

Allereie nå kan me sjå at gruppa er godt i gang med arbeidet både innanfor filming og planlegging.

Kontakt film-gruppa direkte

Det er oppretta ei eigen e-postadresse prosjekt@vikebygd.no Her kan film-gruppa kontaktast direkte og den som vil kan komme med forslag og idear til kva som bør filmast for å være med i film-prosjektet. **Forslag sendast snarast, og innan 15. juni!** Film-gruppa takkar for alle innspel, men dei står sjølvstøtt fritt til å velja og vraka fra det materialet dei mottar.

Film-gruppa består av:

Laila Øvstedal Espeland, Martin Larsen, Roald Årvik og Even Larsen.

Med vennleg helsing

Vikebygd Grendeutval